

## **Interpellasjon frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om tannbehandling for pasientar i heimesjukepleia**

Eldre og langtidssjuke under tilsyn av heimesjukepleia har rett på gratis tannhelsebehandling av den offentlege tannhelsetenesta jfr. tannhelsetenestelova § 1-3. Ei sak i Dagbladet 25. mai syner likevel at berre ein liten del av denne gruppa mottar den gratis tannhelsebehandlinga dei har rett på. Ifølgje SSB var det berre 23 prosent av gruppa som vart undersøkt eller behandla i 2017. Dette er tal som uroar Senterpartiet.

Kva som er grunnen til at så mange ikkje nyttar seg av tilbodet om gratis tannhelsebehandling, er vanskeleg å seie, men ei undersøking utført av forskrarar ved Universitetet i Bergen peiker på at fleire eldre heimebuarar ikkje har folk som kan følgje dei til tannlegen. Sjølv om transport til og frå tannlegen ikkje er eit fylkeskommunalt ansvar, er det eit samfunns- og folkehelseproblem om eldre og sjuke vert sjukare på grunn av manglande tannhelsebehandling. For Senterpartiet er det viktig at retten eldre og langtidssjuke i heimesjukepleia har på gratis offentleg tannhelsebehandling vert ivaretaken, uavhengig av bustad eller at dei har pårørande som kan følgje dei.

På vegner av Senterpartiet har eg difor følgjande spørsmål til fylkesordføraren:

1. Kor stor del av eldre og langtidssjuke under tilsyn av heimesjukepleia vert undersøkt og behandla av den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland?
2. Kva samarbeid har den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland med heimesjukepleia i kommunane for å sikre god tannhelsebehandling for den aktuelle gruppa?
3. Kva tiltak kan Hordaland fylkeskommune gjere for å sikre at eldre og langtidssjuke under tilsyn av heimesjukepleia får den tannhelsebehandlinga dei har rett på?

Bergen 01.06.18

Alexander Fosse Andersen  
Hordaland Senterparti